

Søknad om kulturstipend.

Dette er ein søknad om eit kulturstipend for å presentera tekstar og musikk av den lokale og til no «usynlege» kunstnaren Jan Holsen. Holsen er busett i Knarvik.

Om søkerane.

Det er 2 ansvarlege søkarar til prosjektet: Stein Bakke og Ingelin Skei.

Stein Bakke er tidlegare førsteamanuensis i musikk ved Høgskulen i Bergen, no pensjonist. Han har i mange år vore aktiv som musikal først og fremst innanfor jazzmusikk, der han har samarbeidd og vore kapellmeister i mange band – t.d Bodil Eldhuset Kvintett, Benedicte Sjøvold Kvintett, Inga Berzina norske Band, Ingelin Skei Band, for å nemna nokre. Her er eit døme: https://www.youtube.com/watch?v=2Sf9h_t5v-w

Ingelin Skei er forholdsvis ny på den lokale jazz-scena. Ho vaks opp i Lindås, men har budd i Meland kommune sidan 2009. Ho bur no på Frekhaug. Ingelin debuterte som jazzsongar med ein konsert i Nordgardsløa på Frekhaug i September 2017. Her er ein liten trailer frå den konserten: <https://www.facebook.com/Dikitha/videos/10212618678318405/>

Ingelin Skei er barnebarnet til Jan Holsen.

Om prosjektet.

Jan Holsen er 83 år gammal og bur i Knarvik. Hausten 2017 fekk eg (Stein Bakke) oversendt eit utval tekstar og melodiar som han har laga. Eg blei umiddelbart begeistra for både melodiane og tekstane, og eg tenkte at dette er musikalske og litterære perler som langt fleire burde få høyra. Eg kontakta han og spurte om eg fekk lov til å framføra songane og tekstane på ein offentleg konsert. Eg forstod at han var svært glad for å seia ja til det.

Eg har i første omgang alliert meg med barnebarnet hans, Ingelin Skei, som eg altså spelar i band med. Og ho ville svært gjerne delta aktivt i prosjektet. Og me står difor begge som søkarar til dette kulturstipendet, og er likeverdige samarbeidspartnarar i det vidare arbeidet.

Planar for framdrift av prosjektet

Me tenker oss ein offentleg konsert i Nordgardsløa på Frekhaug i September/Oktobar. Så langt har me reservert lokalet 21.09 og 05.10. Me tenker oss at berre ein av datoane vil bli aktuell.

På konserten vil det bli framført kun tekstar og melodiar laga av Jan Holsen. Han har nok stoff å ta av, så det skal ikkje bli vanskeleg å fylla ein heil konsert. Eg (SB) tenker i utgangspunktet å laga musikkarrangementa. Kva besetning som blir aktuelt, er litt avhengig av det økonomiske handlingsrommet med får. Men per i dag ser eg for meg 5-6 musikarar/songarar.

Arbeidet med musikkarrangementa vil starta så fort me har oversikt over dei økonomiske rammene me får.

Me håpar teksten ovafor kan gi eit grunnlag for vurdering av prosjektet, og me håpar det blir vurdert som støtteverdig.

Oppsummert:

Me søker med dette Meland Kommune om eit kulturstipend på kr 20 000 til ein presentasjon og offentleg framføring av tekstar og melodiar av Jan Holsen hausten 2018.

Med vennlig helsing

Stein Bakke og Ingelin Skei